



TOKKE
KOMMUNE

Melding om vedtak

Det Kongelige Landbruksdepartement

Postboks 8007 Dep.,
0030 OSLO

<i>Løpenr</i>	<i>Saksnr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Seksj/sakb</i>	<i>Dykkar ref</i>	<i>Dato</i>
893/04	03/01552- 3	V70 &13	SEN-NÆR-SVB		16.02.2004

Særutskrift: Forslag til ny lov om skogbruk - Høring.

Etter fullmakt

Sverre Bakke
Skogbrukssjef



TOKKE KOMMUNE

MØTEBOK

NR	ORGAN	SAK NR	Møtedato
1	Formannskapet	04/018	11.02.04

Sakshandsamar : Sverre Bakke
Arkivsak: 03/01552
Arkivkode: V70 &13
Løpenr: 330/04

Forslag til ny lov om skogbruk - Høyring.

Saksgang:

Formannskapet - uttale

Dokument i saka:

Nr. 1.Høyringsnotat frå Landbruksdepartementet, dagsett 10.12.03.

Saksopplysningar:

I dok nr 1 kjem Departementet med forslag om ei ny Lov om skogbruk (skogbrukslova) til høring. Lova skal erstatte gjeldande lov om skogbruk og skogvern frå 1965 med seinare endringar. Høyringsfristen er 15.mars 2004.

Den nye lova skal regulere skogbruk som næring og stimulere til verdiskaping med grunnlag i skogressursane. Siktemålet med forslaget er å etablere eit meir moderne og juridisk funksjonelt rammeverk for forvaltning av skogressursane.

Forslaget til ny lov inneber ei klar forenkling av gjeldande lovgjeving om skogbruk. Gjeldande lov har 58 føresegner, mens den nye lova får 22 føresegner.

Departementet foreslår at den nye lova skal ha følgjande formål:

"Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen."

Lovforslaget legg til grunn den eksisterande grensedraginga mellom skoglovgjevinga og naturvernlovgjevinga, og fører vidare prinsippa i gjeldande lov om skogbruk og skogvern i ei meir framtidretta lov med fokus på verdiskaping innafor dei rammer miljøomsyna set.

Lovforslaget fører vidare ei skogbruksstyresmakt på kommune- og fylkesnivå med ei organisering som gjer det mogleg å følgje opp regelverket og dei skogpolitiske måla på ein god måte regionalt og lokalt. Lovforslaget legg m. a. opp til eit større rom for handling på lokalt nivå enn gjeldande lov, noko som inneber at kommunane sin fullmakt til å treffe vedtak i første instans blir større. Føresegner i lova gir òg kommunane heimel for å innføre meldeplikt for tiltak i skogbruket, om det er behov for å føre kontroll med at lovføresegnene og forskrifter gitt i medhald av lova blir haldne.

Dei føresegnene departementet foreslår i utkastet til ny lov gir i all hovudsak rammer

for bruk og forvaltning av skogen. Departementet har likevel funne det rett å ta inn i lova einskilde føresegnar som opnar for å regulere skogbruket meir detaljert dersom det er nødvendig.

Lovforslaget legg til grunn som hovudprinsipp at skogeigaren har ansvaret for at skogressursane og miljøverdiane blir forvalta i samsvar med lova og forskrifter gitt med heimel i lova. *Departementet fører i denne samanheng inn omgrepet forvaltaransvar i lova.*

Lovforslaget gir ei ny føresegn om forynging etter hogst. Dette inneber ei konkretisering og skjerping i forhold til dei reglane som gjeld i dag. Departementet foreslår samstundes å lage ei ny forskrift om forynging og tek sikte på å fastsetje denne parallelt med iverksettinga av den nye lova. Det er ønskjeleg at høringsinstansane kommenterer kva for innhald og detaljeringsgrad ei slik forskrift bør ha.

Lovforslaget legg vidare til rette for å møte nye utfordringar i samband med ulike miljøspørsmål, og inneber m. a. eit forslag om ein heimel for å lage ei forskrift om miljøomsyn. Departementet tek sikte på å fastsetje ei slik miljøforskrift parallelt med iverksettinga av den nye lova. Som for forskrifta om forynging ber departementet høringsinstansane om synspunkt på innhaldet i ei slik forskrift.

Føresegnene om omdisponering av skogmark i gjeldande lov blir ikkje ført vidare. Departementet legg til grunn at regulering av dette først og fremst skal skje etter plan- og bygningslova og dels ved føresegnene om deling og omdisponering i jordlova.

Departementet foreslår i samband med dette mindre justeringar i § 9 i jordlova. Dette inneber ei forenkling samstundes som endringane gjer det tydelegare at kommunane gjennom plan- og bygningslova har eit klart ansvar for god arealdisponering og vern om areal med biologisk produksjonsevne.

Lovforslaget stadfestar og styrkar ordninga med at ein del av inntekta frå avverking av skog skal førast tilbake til skogen i form av langsiktige investeringar. I gjeldande lov er dette tatt inn i føresegnar om skogavgift. I lovforslaget er ordninga kalla skogfond. Dette er ei fornying. Avsetnaden er ikkje ei avgift, men ein tvungen fondsavsetnad som er ei sentral, varig ordning med sikte på å sikre finansiering av ei berekraftig forvaltning av skogen.

Lovforslaget gir heimel til å føre nærare kontroll med at skogen blir driven innafor forsvarlege skog- og miljøfaglege rammer. Departementet legg til grunn at prinsippet om internkontroll no er tatt i bruk innafor skogbruk, jf. òg HMS-lovgjevinga. Departementet foreslår difor m. a. ein heimel til å stille krav til skogeigarane sin interne kontroll og tilgang til rapporter frå desse.

Når det gjeld føresegna om straff foreslår departementet at forsettleg eller aktlaust brot på føresegnar i lova kan bli straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år, og det blir innført heimel til å gi tvangsmulkt slik dette også blir nytta i jordlova. Dette er ei skjerping i høve til gjeldande lov.

Føresegnene i gjeldande lov om at brot ikkje blir påtala utan etter krav frå skogbruksstyresmaktene blir ikkje ført vidare. Dette er i tråd med dei synspunkt departementet har fått under arbeidet med lova. Departementet meiner elles at særleg alvorlege brot på lova og forskrifter fastsett med heimel i denne, som gir varige negative verknader for miljøet, skal vurderast som miljøkriminalitet.

Det kan i slike saker òg bli reist tiltale etter straffelova.”

Vurderingar:

Grunnlaget for at ein no kjem med framlegg om ein ny lov er følgjande

- internasjonale forhold
- eit landbruk med endra struktur og nye utfordringar
- endra rammevilkår for skogbruket og omlegging av skogpolitikken
- krav om betre miljøomsyn.

Det som kanskje er den store endringa, er at bruken av entreprenørar i skogbruket er stadig aukande, og meir enn 90 % av hogsten blir utført av entreprenørar med hogstmaskiner og anna mekanisert utstyr. Det krev ei avklåring av viktige spørsmål om kven som har ansvaret for det som vert utført av arbeid i skogen .

Det er vår vurdering at dette er eit godt framlegg, dersom loven vert slik som framlegget er utforma.

Bakgrunnen for dette er følgjande :

- Framlegget klargjer betre kven som har forvaltaransvaret. Skogeigaren har dette ansvaret. Skogeigaren har framleis "fridom under ansvar".
- Dette ansvaret vert klårare gjennom § 6 der skogeigaren vert pålagt ei plikt til forynging i løpet av 3 år etter hogst. Vi ser positivt på at det kjem ei forskrift som konkretiserar denne plikta. Brot på denne kan då få ein konsekvens, og ikkje slik som i dag at lova ikkje har verkemiddel som kan brukast i praksis for å få gjennomført tiltak. Det at det vert sett fokus på plikter ved å eige fast eigedom, er viktig i dag.
- Det vert òg varsla ei forskrift som set meir konkrete miljøkrav. Vi trur det er rett. Det er ikkje bare skogeigaren og hans organisasjon som er har relevante meiningar om forvaltning av skog. Det har og folk flest. Det er i samband med interessekonfliktar mellom skogeigar og samfunnet at ei slik forskrift er viktig. Forskrifta vil her vera ei rettesnor for både partar. I den vanlege forvaltninga av skogen, har skogeigar "fridom under ansvar".
- Skogavgiftsordninga vert vidareført - no som skogfond. Dette er bra. Det er naudsynt med ei finansieringskjelde til skogkulturarbeidet. Vi trur ein bør gå gjennom kva føremål ein kan bruke dette fondet til. Bruken av fondet bør målrettast i sterkare grad. Det har òg noko å seie for arbeidsmengda åt kommunen. Mange føremål fører til auka tal på bilag i rekneskapen.
- Rentene av fondet vert handsama som før. Ei drøfting av bruken av desse bør gjerast. Sett bakover i tid bør ei ny forskrift innehalde klårare reglar om dokumentasjon av korleis midlane hev vore nytta. Vi sender i dag ein god del pengar ut av kommunen som vi ikkje har konkret rapportering om kva pengane går til.
- Høve til innføring av meldeplikt før hogst vert sett i gang kan vera rett i visse situasjonar. Det er viktig at dette bare blir bruka når det er naudsynt.

Det er og ein del ting som sakshandsamar ser negativt på i den nye loven:

- Nemninga "Skogoppsynet" fell vekk i den nye lova. Vi trur det er feil. Skogoppsynet var konkret. Skogbruksstyremaktene er ein dårleg og lite konkret erstatning. Det er likevel logisk sidan kompetansekravet no er teke bort. Dersom vi ser på andre område, så har ein her oppretta tilsyn – Mattilsynet. I andre land er også desse oppgåvene meir konkretisert i eit mindre vidt organ – til dømes Skogvårdstyrelsen i Sverige.
- Kor lenge denne loven skal bli handsama i kommunen vert interessant å sjå. Med bortfall av kompetansekrav og nedbygging av landbruksforvaltninga i kommunane, så har ein vanskeleg for å sjå at loven kan verta tilfredsstillande følgd opp på kommune -

nivå. I gode tider med stor aktivitet vert det uråd å følgje opp denne lova. Ser vi her i Vest-Telemark, så er nedbygginga vesentleg. Korleis kommunane skal greie å følgje opp dei nye oppgåvene i skoglova og ikkje minst konsesjonslova utan kvalifisera personell blir interessant å sjå. Det er å håpe at kommunane ser det positive i å forvalte sine egne areal. Tokke sitt totalareal er på 9,8 km². Det meste er LNF-område. Det må nødvendigvis krevje ressursar å forvalte slike store areal.

Nokre tilleggsvurderingar av rådmannen:

Namneendringa frå skogoppsyn til skogbruksstyresmakt heng saman med at lovgeivar vil signalisera, òg i namnet, at skogeigaren sjølv hev fridom under ansvar, og at stat og kommune si rolle ikkje er detaljstyring av skogressursane i landet. Departementet seier sjølv at nemninga "oppsyn" kan skape eit feil inntrykk av dei oppgåvene som etter den nye lova ligg til det offentlege.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak for Formannskapet:

Tokke kommune ser positivt på framlegget til ny skoglov og vil særskilt understreka fylgjande:

- a. Framlegget klargjer betre skogeigaren sitt forvaltaransvar "under fridom".
- b. Ein ser positivt på at det kjem ei forskrift som konkretiserar plikta til forynging – jfr §6. Det vil gjere det enklare for skogbruksstyresmaktene lokalt.
- c. Høyringsnotatet varslar òg ei forskrift som inneheld meir konkrete miljøkrav - me trur det er rett. Det er ikke berre skogeigaren som har relevante meiningar om forvaltning av skog – det har òg ålmenta. Det er i samband med interessekonfliktar mellom skogeigar og samfunnet at ei slik forskrift er viktig. Forskrifta vil her vera ei rettesnor for båe partar.
- d. Skogavgiftsordninga vert vidareført - no som skogfond. Dette er naudsynt. Det trengs ei finansieringskjelde for skogkulturarbeidet. Lokale skogbruksstyresmakter bør ha fridom til å nytte midlane i skogfondet slik at det fremjar føremålet best mogleg. Departementet bør leggje til grunn at kompetansen for dette finn ein best lokalt, i eit samspel millom skogeigar og lokal skogbruksstyresmakt. Lokal skogbruksstyresmakt bør ha høve til å krevje at mottakar av midlar frå skogfondet rapporterer korleis midlane er nytta.
- e. Høve til lokalt å innføre meldeplikt før hogst vert sett i gang, er bra.

Frå handsaminga i Formannskapet - 11.02.2004:

Framlegg frå Kjetil Fulsås:

- Nytt pkt. c. Nesten alt tømmer som blir omsett i dag kjem frå skog som er miljøsertifisert. Sertifiseringa bygger på standarder som ein kom fram til i prosjektet Levande skog. Sertifiseringa har kome for å bli. Det vil vera uheldig om ein i tillegg skal ha ein detaljert miljøforskrift.

Det vart røysta over framlegget frå rådmannen og framlegg frå Kjetil Fulsås.

Rådmannens framlegg pkt. a,b,d,e vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kjetil Fulsås vart vedteke med 6 mot 1 røyst.

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2004:

- a. Framlegget klargjer betre skogeigaren sitt forvaltaransvar "under fridom".

- b. Ein ser positivt på at det kjem ei forskrift som konkretiserar plikta til forynging – jfr §6. Det vil gjere det enklare for skogbruksstyresmaktene lokalt.
- c. Nesten alt tømmer som blir omsett i dag kjem frå skog som er miljøsertifisert. Sertifiseringa bygger på standarder som ein kom fram til i prosjektet Levande skog. Sertifiseringa har kome for å bli.
Det vil vera uheldig om ein i tillegg skal ha ein detaljert miljøforskrift.
- d. Skogavgiftsordninga vert vidareført - no som skogfond. Dette er naudsynt. Det trengs ei finansieringskjelde for skogkulturarbeidet.
Lokale skogbruksstyresmakter bør ha fridom til å nytte midlane i skogfondet slik at det fremjar føremålet best mogleg. Departementet bør leggje til grunn at kompetansen for dette finn ein best lokalt, i eit samspel millom skogeigar og lokal skogbruksstyresmakt.
Lokal skogbruksstyresmakt bør ha høve til å krevje at mottakar av midlar frå skogfondet rapporterer korleis midlane er nytta.
- e. Høve til lokalt å innføre meldeplikt før hogst vert sett i gang, er bra.

Utskrift vert sendt:

postmottak@ld.dep.no